

Rådmanen går inn for at fotvaltningskomiteen skal gje Sigbjørn Rød fritak frå buplikt i fem år på bruket sitt - fram til utgongen av 2011. Han arbeider for tida på Svalbard og ynskjer lengre tid for å vurdere den framtidige bruken av eigedomen, enten ved eige drift eller sal. Rød er oppvaksen på bruket.

Vilkåret for fritaket er at jorda vert driven og halden i hevd og at bruken er med på fellestiltak i skogen. Rød overtok eigedomen etter foreldra og vilkåret var at han skulle busetja seg der innan eit år frå overtaking, som var 23. november 2005.

Bruket har 36 dekar fulldyrka, 40 dekar innmarksbeite, 294 dekar skog og 23 dekar anna areal – i alt 392 dekar. Våningshuset er gammalt og har enkel standard og driftsbygningen har dårleg standard og er lite egna for moderne drift. Jorda er pakta bort med langsiktig leigeavtale, blir det opplyst i saksutgreiinga.

Det er når det er tale om eigedomar "av ein viss karakter" at det føl med bu- og driveplikt og dette bruket kjem inn under denne karakteristikken . I kommunestyrevedtak er det slått fast at "landbrukseigedom av ein viss karakter" er eigedom med over 20 dekar fulldyrka jord og/eller 100 dekar skog.

..

Av Ola Matti Mathisen